


Rogn (*Sorbus aucuparia*)

Fin til å lage leiker av!



1: Grein i blom. 2: Blom og blomsterknopp. 3: Diagram av ein blom. 4: Rognebær 5: Tverrsnitt av rognebær. 6: Lengdesnitt av rognebær.

FARLEGE SKI

Rogn har vorte rekna som eit farleg materiale å laga ski av – skia vart altfor glatte og utstyrlege.

LYD

Borna har brukt rogn til å lage lur fløyter, sprøyter og piper.

SPÅDOM

Blada vart brukt til spådomsleik: Riv av eitt og eitt blad og sei ei regle, t.d. *Kjøken, kammers, kjellar, på do.*

VÅPEN OG SMYKKE

Bæra er fine å bruke til ammunisjon i blåserøyr av t.d. rabarbra eller kvann, eller til å tre på eit strå til smykke.

SPRØYTE (sjå i monterer)

- Finn ei fingertjukk grein utan kvist i mai-juni. Bank varsamt på borken til den lausnar.
- Kapp eit stykke av den eine enden, og kløyv biten i to.
- Grav ut marginen i dei to bitane med knivspissen.
- Legg stykka saman att, og stikk dei tilbake i barkrøyret.
- Dra den lange enden litt ut (brukast som stempel). Fyll i vatn, og trykk med den lange enden.

HAUKEPIPE

- Kløyv ei fingertjukk grein nedover eit stykke, og putt inni ei lita flis i sprekken. Blås, og prøv å få lyd!

Rognebæra er viktig mat for mange fuglar om hausten. Fuglane skit ut att frøa, som blir sådd over alt. Ein kan difor finne små rognebærtre på dei raraste stader, t.d. oppi andre tre eller på hustak. Desse vart kalla flogrogn.